

MELAND KOMMUNE  
Havnevegen 41A  
5918 FREKHAUG

Dato: 12.06.2019  
Vår ref.: 2017/17027-4  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 19/919 - 19/12284

Att. Marius Flemmen Knudsen

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Jordpåfylling og planering - gnr. 22, bnr. 4 Mjåtveit - Meland kommune**

Me viser til brev datert 03.06.19 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med nydyrkinga/jordpåfyllinga. Me har difor ingen avgjerande merknader til saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*